



tre frå Uskedal var med i søndagens KM på Voss i stilarten duathlon. Dette tyder fellesstart med innlagt skibyte midtvegs. Solveig Haugland i klasse J 12 kom inn på ein fin sjuandeplass. Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland fekk kvar sin andre plass i J 15 og j 16.

Ingebjørg kom raskast ut og leia heile klassiskavdelinga inn til skibyte. Etter nokre hundremeter på skøytedelen var ho uheldig og fall og øydela staven,

Ein konkurrent frå Røldal overtok leiinga, men den talentfulle jenta frå Uskedalen kom raskt på beina og berga andre plassen

Det var eitpar plusgrader og opphaldsver. Pål Haugland var henta inn som smurningseksperter og jentene roste skia på denne måten: 'Superglid og spikerfeste'.

Av Ole Vidar Monsen

På biletet er dei 3 uskedelingane.

(Foto: Svein Ove Bråtun)